



Kommunal planstrategi 2020-2024



Foto: Marit S. Kvaale



Foto: Ingrid K. Skibsrud



Foto: Marit S. Kvaale

Innhold

1	Innleiing	3
1.1	Innhold i planstrategien	3
1.2	Planstrategi i forhold til kommuneplanen sin samfunnsdel	3
2	Plansystemet i kommunen	4
3	Overordna føringar	8
3.1	Kommunale føringar	8
3.2	Regionale føringar	9
3.3	Nasjonale føringar	9
4	Berekraft og samskaping	10
4.1	FN sine 17 berekraftsmål	10
4.2	Klima- og energiarbeid i kommunen	12
4.3	Samfunnstryggleik.....	12
5	Utviklingstrekk og utfordringar	13
5.1	Demografi.....	13
5.2	Levekår og folkehelse	16
5.3	Bustadstruktur.....	18
5.4	Næringslivet	19
6	Kommuneplanen	23
6.1	Erfaringar med gjeldande kommuneplan	23
6.2	Erfaringar med gjeldande kommunedelplan 'Strandsoneplanen'	23
7	Planbehov 2020-2024	24
7.1.	Planar/styringsdokument i perioden	24
7.2	Planar som utgår	25
	Vedlegg: Andre viktige føringar for planarbeidet	26
	Statlege føringar.....	26
	Regionale føringar	26
	Grunnlagsmateriale.....	27

1 Innleiing

Planstrategien er ikkje ein plan (etter [plan- og bygningslova § 10-1](#)), men eit godt verktøy for å drøfte utviklingstrekk og vurdere planbehov i lys av kva planar og utfordringar kommunen og regionen har. Kommunestyret skal vedta planstrategien i løpet av det første året av styringsperioden.

Ved å definere kommunen sine planbehov kan ein gjennom tidleg prioritering, effektivisere den vidare planprosessen. På denne måten sørger ein for at planlegginga blir behovsstyrt, og ikkje meir omfattande enn naudsynt. Forenkla kan ein kalle planstrategien ein «plan for planlegginga».

Nokre planar er overordna, andre er meir detaljerte. Ein del av planane er utarbeidd i tråd med plan- og bygningslova medan andre er temaplanar og handlingsplanar.

Planane og innhaldet i desse dannar kommunen si plattform for samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet og i regionen. Gjennom planprosessane blir det etablert ei felles forståing for kva som skal til for at kommunen skal utvikle seg i ønskt retning. Samskaping og samhandling gjer det mogeleg for alle å hjelpe til å utvikle kommunen i ein positiv retning.

Planstrategien tek for seg dei styringsdokumenta som er politisk vedtekne, eller er forventa å bli det.

1.1 Innhald i planstrategien


- Om kommunal *planstrategi* og kommunen sitt *plansystem*
- Overordna føringar som har tyding for kommunen sitt *planbehov*
- *Utviklingstrekk* og *utfordringar* knytte til samfunnsutvikling (kommunalt og regionalt) og miljø
- Erfaringar med *gjeldande kommuneplan*
- *Vurdering av planbehovet* i valperioden, for eksempel revisjon av kommuneplan eller prioritering av andre planoppgåver

1.2 Planstrategi i forhold til kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommunal planstrategi må sjåast i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel 2020–2032 og prosessen for utarbeiding av han. Planen vart vedteke 14.05.2020. Kommuneplanen sin samfunnsdel har teke utgangspunkt i Regionplan Agder 2030 og dei nasjonale forventningane om å fremme ei berekraftig utvikling. Det har vore brei medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, tilsette og andre mynde. Innspela er teke omsyn til i utarbeidinga av planen. Kommuneplanen sin samfunnsdel gjev retningsliner for korleis kommunen sine mål skal gjennomførast.

Mykje av det som skal vere ein del av arbeidet med ein kommunal planstrategi, er allereie blitt gjennomført som ein del av arbeidet med samfunnsdelen. Det gjeld ikkje berre krav til medverknad, men òg presentasjon av viktige kommunale utviklingstrekk og utfordringar, langsiktige utviklingsmoglegheiter, og politiske prioriteringar. Prosessen for utarbeiding av kommunal planstrategi for Bygland har difor vore enklare organisert enn i andre kommunar som ikkje har ein tilsvarende samfunnsdel.

2 Plansystemet i kommunen



Kommuneplan

Kommuneplanen er det øvste styringsdokumentet i kommunen og kommunen sin viktigaste overordna plan. Han gir langsiktige rammer for utvikling av kommunesamfunnet som eit heile, og forvaltinga av arealressursane i eit 10-12 års perspektiv. Den består av ein samfunnsdel, ein arealdel og kommuneplanen sin 4-årige handlingsdel. Den skal gi retning til utviklinga, og andre planar skal hjelpe til å gjennomføre måla han set.

Kommuneplanen er førande for meir detaljerte planar og budsjett. Eit viktig prinsipp er at det skal vere sterke koplingar mellom samfunnsdel og arealdel, og samfunnsdel og oppfølgjande handlingsdel og økonomiplan.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er i [plan- og bygningslova §11-2](#) instituert som kommunen sin viktigaste overordna strategiske og samordna plan.

Samfunnsdelen har ei viktig rolle som verktøy for betre og meir heilskapleg planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medverknad. Den viser ønskt utvikling av kommunen, dei langsiktige måla og strategiane og kva utfordringar og moglegheiter vi står overfor.

Kommuneplanen sin arealdel omfattar heile kommunen. Han er juridisk bindande og styrer den langsiktige arealutviklinga. Arealdelen skal sikre at arealbruken i kommunen bidreg til å nå og bygge opp under mål og strategiar i samfunnsdelen. Arealdelen består av planskildring, retningslinjer for saksbehandling og plankart med utfyllande føresegrer. Han er styrande for meir detaljerte arealplanar og utbyggingstiltak.

Kommuneplanen sin handlingsdel

Handlingsdelen er ein plan for gjennomføring av kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplanar og eventuelt andre planar. Handlingsdelen skal vise kva kommunen vil prioritere dei fire neste budsjettåra for å nå kommuneplanen sine mål.

Den er eit styringsdokument for kommunen si verksemd og gir konkrete prioriteringar for sektorane, og blir revidert årleg.

Økonomiplanen

Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd, og gi ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver ([kommunelova S14-4](#)). Økonomiplanen skal omfatte minst ein 4-års periode, og blir revidert årleg.

Årsbudsjett

Årsbudsjett er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruk av desse i budsjettåret ([kommunelova S14-4](#)).

Årsbudsjettet skal konkretisere økonomiplanen og gjeld heile kommunen sin verksemd. Årsbudsjettet er delt inn i ein driftsdel og ein investeringsdel, og blir revidert årleg.

Handlings- og økonomiplan

Handlings- og økonomiplan vil samle både kommuneplanen sin handlingsdel, 4-årig økonomiplan og årsbudsjett i eitt og same dokument. Handlings- og økonomiplanen viser korleis kommunalområda skal følgje opp kommuneplanen. I tillegg inneheld det eit plan- og utgreiingsprogram som følgjer opp planstrategien med endeleg prioritering av når planoppgåvene skal gjerast, samt løyving av ressursar.

Kommunedelplan

Kommunedelplanar kan utarbeidast for bestemte område (areal), tema eller tenesteområde. Dei skal følgje opp utvalde mål i kommuneplanen sin samfunnsdel eller konkretisere arealbruken for eit avgrensa geografisk område. Dei har same juridiske status som kommuneplanen, og det er krav om å følgje plan- og bygningslova sine føresegner om planprogram og planprosess. Det er i tillegg krav om å ha ein handlingsplan med årleg rullering.

Reguleringsplan

Reguleringsplan er ein arealplan for eit avgrensa område. Planen består av eit arealkart med tilhøyrande føresegner som melder bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgivnader. Alle forslag til planar etter lova skal ha ein planomtale som skildrar formålet til planen, hovudinnhald og verknader, samt planen sitt forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området. Reguleringsplan kan bli utforma som områderegulering eller detaljregulering.

Områderegulering er ein kommunal reguleringsplan som blir brukt der det er krav om slik plan i kommuneplanen, eller kommunen finn at det er behov for å gi meir detaljerte områdevisse avklaringar av arealbruken. Dette er nyttig når det er behov for å fastsetje overordna strukturar i område, som blir bygd ut gjennom små, private detaljreguleringar. Områderegulering blir utarbeidd av kommunen. Kommunen kan likevel overlate til andre myndigheiter og private å utarbeide forslag til områderegulering.

Detaljregulering er ein detaljert reguleringsplan for eit avgrensa område, og er ofte knytt til konkrete utbyggingsprosjekt. Både kommunen og private kan utarbeide detaljregulering, men desse blir som oftast utarbeidd av private aktørar.

Temaplan

I tillegg til kommuneplan, økonomiplan og arealplanar utarbeider kommunen ei rekkje plandokument, som temaplanar, handlingsplanar, ulike strategidokument, behovsplanar og utgreiingar. Desse planane omhandlar tema der det blir vurdert meir formålstenleg at desse blir fremma utan omfattande prosesskrav etter plan- og bygningslova sine føresegner. Dette kan vere føremålstenleg der tema, interessegrupper og medaktørar er klart avgrensa og definerte. Planane inneheld meir detaljert planlegging for eit fagområde eller eit eller fleire verksemdsområde, og følgjer opp og utdjupar overordna mål og satsingar i kommuneplanen. Gjennom arbeid på tvers av verksemdsområde kan kommunen betre ressursbruken og utnytte felles kompetanse i kommunen.

For nokre samfunnstema vil det vere behov for ein overordna strategi og fleire underliggjande temaplanar og handlingsplanar, for andre berre ein temaplan eller direkte oppfølging gjennom handlingsplanar.

Det er viktig å ha klare definisjonar for å kunne ha system og effektivitet i samfunnsplanlegginga på tema- og verksemdsnivå. Ein meir eintydig definisjon av plantypar kan gi meir effektivitet i planprosessar og lette diskusjonane omkring kva slags planverktøy som er det mest nyttige for å løyse den aktuelle utfordringa.

Følgjande definisjonar blir lagt til grunn for tematisk samfunnsplanlegging:

- **Strategi** skil seg frå plan ved at den ikkje har tiltak. Strategiane vil normalt vere meir overordna enn temaplanar fordi dei ikkje utviklar tiltak, og skal vise retning for ønskete utvikling.
- **Temaplan** er det mest omfattande planverktøyet og skal både ha mål og tiltak, og kan ha strategiar og/eller satsingsområde. Temaplan vil gjennom definerte tiltak ha meir direkte økonomiske konsekvensar enn strategiane.
- **Handlingsplan** er definert som ein plan som berre omhandlar tiltak for oppfølging av ein vedteke strategi eller plan, eller delar av desse. Eller det kan gjelde oppfølging av samfunnsområde der utfordringar og mål er klarlagde gjennom politiske vedtak eller andre overordna føringar, f.eks. kommuneplanen sin samfunnsdel eller delar av denne. Handlingsplanar vil derfor i hovudsak bli vedteke av hovudutval eller formannskap.

Strategi	Temaplan	Handlingsplan
<ul style="list-style-type: none">• Klart formål• Skildring av utfordring• Satsingsområde, vegval, strategiar• Ikkje tiltak	<ul style="list-style-type: none">• Klart formål• Skildring av utfordring• Mål• Kan ha strategiar eller satsingsområde• Tiltak	<ul style="list-style-type: none">• Tiltak for oppfølging av strategiar, planar og politiske vedtak

Retningsliner er anbefalingar for praksis som gjev støtte til avgjerder, og dei skal vere basert på beste tilgjengelege kunnskap.

Rutinar beskriv oppgåver eller aktivitetar i ein prosess. Beskrivinga inneheld formål, omfang, ansvar, beskriving av aktiviteten samt eventuelle fristar.

Utfordringsbiletet for kommunen skal utarbeidast årleg. Det tek for seg status og utviklingstrekk for viktige tema innanfor samfunns- og arealutvikling. Utfordringsbiletet blir gjort tilgjengeleg og er bakgrunnsdokument for handlings- og økonomiplanen, kommunal planstrategi og kommunen sitt overordna planarbeid. Kvart 4. år, i forkant av arbeidet med kommunal planstrategi, skal dokumentet innehalde ei oppdatert folkehelseoversikt slik [folkehelselova §5 og 6](#) stiller krav om.

Organisering av planarbeid

Planarbeid i Bygland blir organisert som prosjekt. Det skal klargjerast kva plantype, styringsprosess og ansvarsliner som skal gjelde for planarbeidet. Dette blir utdjupa i eigen prosjekttomtale der mandat, organisering og ressursbruk blir avklart samt korleis/kven som skal følgje opp planane etter vedtak i kommunestyret.

Oppfølging og gjennomføring av planar

For å sikre berekraftig kommunal økonomi og at planar får reell tyding, er det avgjerande at kommunen har system som sikrar økonomisk inndekning. Dette gjeld både rutinar for korleis planoppgåver blir prioriterte, og korleis tiltak og ressursbruk blir prioritert i kommunen sin økonomiplan eller anna finansiering. Eit viktig moment, uavhengig av prosess og planform, er derfor at tiltak som blir foreslått i dei ulike tema- og handlingsplanane ikkje er endeleg prioritert før dei inngår i kommunen si handlings- og økonomiplan.

Erfaring tilseier at det kan vere krevjande å integrere tematiske handlingsplanar i handlings- og økonomiplanen i ettertid. Det er derfor ønskeleg at mål og strategiar i vedtekne temaplanar blir følgde direkte opp i årleg handlings- og økonomiplanarbeid. Dette sikrar at det blir sett av ressursar til oppfølginga av vedtekne planar.

Planoppgåver som er prioriterte i kommunal planstrategi, får endeleg prioritering og tildeling av ressursar gjennom eit oppfølgjande planprogram som inngår i årleg handlings- og økonomiplan.

Lett tilgjengelege informasjon om kommunen sine planar

Bygland skal vere kjenneteikna av openheit og transparens i både administrative og politiske prosessar, slik at innbyggjarane kan følgje med på kva som blir fastsett og kvifor.

Heimesida skal vise planar i eit tydeleg planhierarki som gjer det lett for publikum og andre brukarar å finne fram og sjå korleis dei ulike plandokumenta heng saman. I tillegg skal ein ta kommunen sin kommunikasjonskanalar aktivt i bruk under heile planprosessen.

3 Overordna føringar

3.1 Kommunale føringar

Bygland kommune vil stå overfor utfordringar som krev at kommunen tenkjer og handlar smartare og med betre ressursutnytting.

På sikt er det ønskeleg å redusere talet på planar. Det er eit mål at kommunal planlegging skal vere målretta og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

I tillegg vil kommunedirektøren jobbe for at alle planar følgjer klarspråk malen. Med klarspråk meiner vi korrekt, klart og brukartilpassa språk i tekstar frå kommunen.

Kommunen må fokusere på korleis ein skal lukkast i arbeidet med å fremje god kvalitet i tenestetilbodet og bidra til auka næringsutvikling og god samfunnsutvikling.

Kommunedirektøren har ekstra fokus på vår tids globale og lokale utfordringar og meiner at desse utløyser behov for nye innovative og berekraftige løysingar for samfunnsutviklinga.

Kommunedirektøren meiner at dersom ein skal oppnå dei berekraftige løysingane, må kommunen som tenesteytar blir enda betre til samskaping med innbyggjarane, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar. Samtidig meiner kommunedirektøren at ein må vidareutvikle samhandlinga internt i organisasjonen, slik at ein sørgjer for betre kvalitet og ressursutnytting.

Bygland kommune skal vere ein god stad å leve og virke gjennom

- å vere attraktiv for dei som bur her og for nye som vil flytte til
- å legge til rette for nye arbeidsplassar og trygge dei eksisterande
- å ha gode vilkår for læring heile livet
- å utvikle og satse på eigne ressursar, eigenart og kvalitetar
- å ha gode vegar og god digital infrastruktur

Kommune skal også vere ein aktiv bidragsytar i regional utvikling. Kva kan vi sjølv gjere? Kva må vi samarbeide om?

Kommunedirektøren vil i komande periode i tråd med politiske føringar, ha hovudfokus på følgjande område:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfald
- Klima og miljø

3.2 Regionale føringar

Regionplan Agder 2030 er den viktigaste regionale føringa for kommunen si planlegging. Planen har følgjande 5 satsingsområde:

- Attraktive og livskraftige byar, tettstader og distrikt
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Transport og kommunikasjon
- Kultur

Det finst i tillegg ei rekkje andre regionale planar som også er førande for kommunen sitt planarbeid. Desse er vist i vedlegg 1.

3.3 Nasjonale føringar

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023](#) har som formål å fremje ei berekraftig utvikling gjennom felles retningsgivande målsetjingar for stat, fylke og kommune. Desse måla skal vere retningsgivande for all verksemd i Bygland kommune. Dei nasjonale forventningane har fokus på:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

I tillegg er det ei rekkje statlege planretningsliner som legg føringar for den kommunale planlegginga. Desse er vist i vedlegg 1.

4 Berekraft og samskaping

Vår tid sine globale og lokale utfordringar utløyser behov for nye og berekraftige løysingar for samfunnsutviklinga. Berre gjennom samskaping og innovasjon kan vi finne dei berekraftige løysingane.


Gjennom samskaping arbeider innbyggjarar, sosiale entreprenørar¹, foreiningar og bedrifter med ulik kunnskapar, ressursar og erfaringar, saman. Løysingar blir utvikla saman med involverte innbyggjarar. Saman kan ein tenkje nytt og ta nye grep for å vidareutvikle berekraftige og gode lokalsamfunn.

4.1 FN sine 17 berekraftsmål

Berekraftig utvikling er eit omgrep som blir brukt for å skildre det å sikre framtida på ulike område, særleg retta mot klimaperspektivet. Ifølgje Brundtlandrapporten av 1987 er definisjonen:

"Berekraftig utvikling er utvikling som innfrir behova til dagens generasjon utan å redusere moglegheitene for komande generasjonar til å dekkje behova sine."

Berekraftsmåla er bygde opp av tre dimensjonar; sosiale forhold, klima og miljø og økonomi. Det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig.



Sammenhengen mellom de tre likeverdige bærekraftselementene.

KJELDE: FN.NO

¹ Ein sosial entreprenør er ein person som bevisst tek tak i eit bestemt samfunnsproblem og etablerer ei ny løysing. Dei ønskjer skape sosiale resultat, og er opptekne av å organisere aktiviteten rundt løysinga på ein måte som gjer løysinga levedyktig på lang sikt.

FN har vedteke 17 berekraftsmål og 169 delmål for berekraftig utvikling. Fordi FN sine berekraftsmål ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng, inneber oppfølginga av måla ei heilskapleg tilnærming til framtidig oppgåveløysing på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.



KJELDE: FN.NO

Økonomisk berekraftig utvikling er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar. Stabilitet og forutsigbarheit i den økonomiske politikken gir grunnlag for god kvalitet i tenestene, fornøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette.

Kommunen si rolle som samfunnsutviklar er å skape bulyst og leggje til rette for arbeidsliv og fritid. Kommunen skal ha fokus på å byggje ein attraktiv kommune som er berekraftig i si rolle og funksjon som samfunnsutviklar. Bygland kommune skal vere ein aktiv samarbeidspart gjennom eigarskapen sin i interkommunale selskap og som nabo til regionsenteret Evje, for å byggje ein attraktiv og framtidretta region.

FN sitt klimapanel slår fast at ein global temperaturauke på over to gradar vil føre til store klimaendringar ein ikkje har kontroll på. Utan drastiske kutt i klimagassutsleppa styrer verda mot ein temperaturauke utover dette, med dramatiske globale og lokale konsekvensar som blant anna havnivåstiging, issmelting, auka nedbørsmengder enkelte stader og auka tørkeperiodar andre stader. Ei berekraftig utvikling er avhengig av at utsleppa av klimagassar blir reduserte.

4.2 Klima- og energiarbeid i kommunen

Klima- og energiarbeidet i Bygland kommune skal vere målretta og heilskapleg for å halde klimagassutsleppa nede og redusere ressursbruken i alle delar av samfunnet. Klimagassutsleppa i Bygland kommune er låge. Dei største bidraga kjem frå vegtrafikk og jordbruk. Nivået på utsleppa har vore stabile over fleire år.

Bygland kommune skal ha fokus på utslepp frå si eiga drift. Ambisjonen er å ta i bruk miljøvenlege energi- og transportløyningar i heile kommunen. Bygland kommune som både eigar og forvaltar, skal fremje omstilling frå ein lineær til ein sirkulær økonomi der avfall er ein ressurs. Det blir viktig å leggje vekt på gjenbruk og rehabilitering av noverande bygningsmasse. Kommunen skal jobbe for auka tilrettelegging som gjer det enkelt for innbyggjarane og næringsliv å velje klimavenlege løysingar. Klima- og energiplanen er planlagt revidert i styringsperioden.

4.3 Samfunnstryggleik

Bygland kommune har saman med nabokommunane utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for verksemda si, «ROS Setesdal 2020».

Planlegging skal bidra til tilpassing til framtidige klimaendringar. Bygland kommune er sårbar for ras, skred og flaum. Desse naturfarane vil bli tatt omsyn til i utarbeidinga av kommuneplanen sin arealdel.

Bygland kommune planlegg ei kartlegging av reell ras- og skredfare i område som har busetnad eller er regulert for busetnad. Kartlegginga vil bli nytta som grunnlag for utarbeiding av planar.

Handtering av overvatn er ei aukane utfordring grunna meir konsentrert nedbør. Kommunen ser at det er behov for å utarbeide plan for vatn, avlaup og overvatn.

Trafikktryggleik har fokus i ROS-analysen, og vi ser at det er behov for å revidere gjeldande trafikksikringsplan frå 2005 i løpet av perioden.

5 Utviklingstrekk og utfordringar

Mykje av kartlegginga som skal vere ein del av arbeidet med ein kommunal planstrategi er allereie blitt gjennomført som ein del av arbeidet med samfunnsdelen. I dette kapitlet tek vi difor utgangspunkt i folkehelseoversikta 2020 som nå ligg føre. I tillegg ser vi på hovudutfordringane som er skissert i samfunnsdelen.


5.1 Demografi

Folketalsutviklinga og alderssamansetjinga har stor innverknad på dei statlege overføringane til kommunen. Utgiftene til kommunen blir òg påverka av samansetjinga og utviklinga innanfor desse gruppene og utviklinga i folketalet – den såkalla demografiske utviklinga. Meininga er at rammetilskotet frå staten skal reflektere at dei ulike aldersgruppene ikkje kostar kommunekassa det same. Yrkesaktive klarer seg stort sett sjølve, medan dei yngste skal ha skule- eller barnehageplass. Dei eldste treng gjerne tilbod om helse- og omsorgstenester.

Utviklinga viser følgjande hovudtrekk:

- Folkeauken i Bygland ligg under den nasjonale folkeauken.
- Den låge auka skuldast lågare fødselsoverskot og ei negativ nettoflytting.
- Folkeauken er sterkast i aldersgruppa 67 år og eldre.

Aldrande befolkning




KJELDE: AGDERTALL 2019 / SSB

Vi er i ein periode med store endringar i befolkninga sin alderssamansetnad, der hovudtrekket i Noreg er ei aldrande befolkning. Dette skuldast både dei store fødselskulla frå etterkrigstida, stigande levealder og lågare fødselstal. For Agder inneber dette at over 60 % av den samla (forventa) folkeauken fram mot 2050 vil bestå av personar i aldersgruppa 67+. For Bygland vil denne aldersgruppa sin del av befolkninga auke frå 22,6 % i 2020 til 31,3 % i 2050. Figuren over er ein alderspyramide som samanliknar befolkningsvolumet innanfor ulike alderstrinn og grupper for 2020 og 2050. SSB sitt middelalternativ er lagt til grunn.

Forsørgingsgrad – talet på arbeidsføre (20-66 år) per pensjonist (67+)		
2020	2035	2050
2,7	1,9	1,6

Sidan delen 67+ år vil auke i forhold til alle andre aldersgrupper, vil det bli færre arbeidande per eldre i framtida. Etter middelalternativet vil aldersbereevena i form av arbeidsføre 20-66 år per pensjonist (67+) utvikle seg som vist i tabellen over.

Folketalsutvikling (jf. SSB)



KJELDE: AGDERTALL 2019 / SSB

Låg vekst:

- Låg fruktbarheit
- Låg levealder
- Låg nettoinnvandring

Høg vekst:

- Høg fruktbarheit
- Høg levealder
- Høg nettoinnvandring

I forhold til Europa har Noreg opplevd ein høg befolkningstilvekst dei siste tiåra. SSB utarbeider fleire alternative prognosar for befolkningsframskriving. Desse tek utgangspunkt i ulike scenarios for fruktbarheit, levealder/aldring og innvandring, og mange ulike faktorar blir

tekne med i vurderinga, blant anna langsiktig økonomisk utvikling og flyktningssituasjonen i eit globalt perspektiv.

Som grafen over viser, er det stort sprik mellom dei ulike modellane for befolkningsframskriving.


Alternativt høg vekst estimerer at befolkninga i Bygland i 2050 vil auke med 18,3 prosent i forhold til 2020, medan låg vekst estimerer 3,8 prosent nedgang. Middelalternativet gjev ein befolkningstilvekst på 6,9 prosent.

SSB sine vekstprognosar syner at Bygland ligg lågare i forventa vekst enn både Agder og landet under eitt for alle alternativa.

Samanlikning av vekstprognosar i %			
	Bygland	Agder	Noreg
Låg vekst	-3,8	-0,5	-0,8
Høg vekst	18,3	23,1	23,4
Middelalternativet	6,9	11,4	11,3

Folketalutvikling (jf. Telemarksforsking)

Telemarksforsking har utarbeidd eigne scenarior for utvikling av talet på innbyggjarar i Bygland.



KJELDE: TELEMARSKFORSKING/REGIONALANALYSE.NO

Attraktivitet:

- Låg – låg framtidig attraktivitet for både busetting og næringsliv
- Nøytral – akkurat som middels som gjev ein vekst i tråd med forventa (ut ifrå føresetnadane som er lagt inn i scenarioet)
- Høg – ein har lykkast med å skape høg og positiv attraktivitet for busetting og næringsliv
- Historisk – attraktiviteten er den same i framtida som gjennomsnittet for dei 10 siste åra

Årsaka til dei store ulikheitene mellom SSB og Telemarksforsking sine berekingar ligg i berekinga av flytting. SSB meiner at utflyttinga bremsar fordi det blir auka tal på eldre i distriktskommunane og desse er meir bufaste, og at auka levealder og positiv netto innvandring bidreg til å oppretthalde folketalet.

5.2 Levekår og folkehelse

God folkehelse er eit viktig satsingsområde for å skape eit berekraftig Bygland i dag og framover. Mennesket si helse er ein av dei viktigaste ressursane i eit samfunn, og korleis ein planlegg og utviklar kommunen har betydning for dette. Folkehelsa er generelt god i Noreg og Bygland, og dei aller fleste opplever mange leveår med god helse og trivsel.

Folkehelsearbeid er definert som samfunnet sin totale innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmar befolkninga si helse og trivsel, førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, eller for å verne mot helsetruslar. Folkehelsearbeidet føreset både helsefremjande og førebyggjande tiltakingar og er eit sentralt element i forhold til sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

Helsefremjande arbeid er definert som den prosessen som gjer folk i stand til å mestre kvardagen sine utfordringar og å styrke og bevare helsa si. Det helsefremjande arbeidet har som mål å styrkje beskyttelsesfaktorane hos individet og i miljøet; robustheit, sosial ferdigheit, sjølvstende, oppleving av samheng og meistring. Sosial støtte og sosial kapital er beskyttelsesfaktorar på samfunnsnivå. Kommunen vil utarbeide ein sti- og løypeplan med fokus på aktivitet for alle.

Folkehelse skal vere eit berande prinsipp i all kommunal planlegging og all verksemd. Brei kunnskap om folkehelse er viktig for å sikre dette. Kommunen skal ha ein skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som verkar inn på denne². Folkehelseoversikta 2020 for Bygland kommune viser ei rekkje område der Bygland kjem godt ut på folkehelsestatistikken og andre område der kommunen skil seg negativt ut. Sjølv om det er mange område som blir sett på i oversikta, er det likevel mange påverknadsfaktorar for helse som det enno ikkje finst nok og god nok lokal kunnskap om. Det vil difor alltid vere ein fare for å overfokuserer på det ein har oversikt over og miste av syne andre viktige område som det også er behov for auka fokus på.


Med utgangspunkt i oversiktsdokumentet blir det her likevel trekt fram nokre område kor kommunen synest å ha ekstra utfordringar og som kommunen har verkemiddel til å kunne løyse.

- Barn og unge sine oppvekstvilkår som trivsel, meistring og relasjonar
- Aukande del som mottek alderspensjon, uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar
- Ei aldrende befolkning
- Aukande del med grunnskule som høgaste utdanning

Under er to diagram som seier litt om korleis ungdomen har det i Bygland i høve til andre.

² Plikta til å ha denne oversikta er forankra i folkehelselova, plan- og bygningslova, smittevernlova, forskrift om oversikt over folkehelsa og miljøretta helsevern.

Psykiske plagar blant ungdomsskuleelevar (8. – 10. trinn) i Agder



KJELDE: AGDERTALL 2019 / UNG I AGDER 2019 (UNGDATA)


Kartet syner korleis delen av ungdomsskuleelevar med eit høgt nivå av psykiske plagar varierer mellom kommunane i Agder. Andelen aukar i løpet av ungdomskulen for begge kjønn, før det flatar noko ut på vidaregåande skule. Langt fleire jenter enn gutar har eit høgt nivå av psykiske helseplagar, men omfanget har auka frå 2016 til 2019 hos begge kjønn.

Det har dei siste 10 åra vore ei auke i bruken av psykofarmika i alderen 0-17 år. Det gjeld sovemiddel, antidepressiva, antipsykotika, angstdempande middel og middel til behandling av ADHD.

Lokalmiljøet

Kor godt nøgd er du med lokalmiljøet der du bur?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




KJELDE: UNG I AGDER 2019 (UNGDATA) – NØKKELRAPPORT BYGLAND

Ungdata viser at ungdommar flest er særst godt eller litt nøgde med lokalmiljøet sitt. Men det finst òg ein del som ikkje er så godt nøgde. Prosentdelen unge som er nøgde med staden dei bur, søkk i løpet av ungdomsskulen. Dette gjeld særleg jentene.

Kva ungdom er nøgd og misnøgd med, varierer mykje frå kommune til kommune. Dette viser at kommunen kan gjere mykje for å leggje til rette for at ungdommen skal trivast.


5.3 Bustadstruktur

Det er interessant å sjå på utviklinga i bustadmasse og bustadstruktur i forhold til utviklinga i hushalda. Talet på personar per hushald er fallande og er per 2020 ein del under gjennomsnittet for Agder med 1,28 personar. Talet for Agder (2019) er 2,08 personar per hushald. Bustadmassen er likevel framleis sterkt dominert av einebustader (ca. 70 prosent).



KJELDE: AGDERTALL 2019 / SSB

Når ein tek omsyn til den demografiske utviklinga og endringa i fordelinga av hushaldstypar i kommunen, så kan ein stille spørsmål om det blir bygd tilstrekkeleg med mindre bustadar/leilegheiter i Bygland.



KJELDE: AGDERTALL 2019 / SSB

5.4 Næringslivet


Dei største enkeltnæringsane målt i talet på sysselsette, er helsetenester og undervisning. Nær halvparten av alle sysselsette i Bygland jobbar innan desse næringsane. I tillegg har Bygland ein forholdsvis stor del sysselsette innan industri, bygge- og anleggsverksemd og jordbruk, skogbruk og fiske.

Agder har rike naturressursar som bidreg til eit variert næringsliv. Særleg skogbruk har ein relativt høg lokaliseringkvotient i Agder. Det arbeider tre gonger fleire i denne næringsa i Aust-Agder relativt til det norske gjennomsnittet.

Nær 37 % av arealet i Bygland er jord- og skogbruksareal³. Jordbruket er prega av små driftseiningar, og grovfôrbasert mjølk- og storfeproduksjon utgjer den vesentlege verdiskapinga. Dei siste 15 åra har det vore store strukturendringar i jordbruket i Agder, og talet på dekar dyrka jord og talet på jordbruksføretak har gått sterkt ned. Innan skogbruket har Agder ei forholdsvis høg sysselsetting, og ein rapport frå Telemarksforsking frå 2017 ([TF-rapport nr 403](#)) peikar på at regionen har eit uutnytta potensiale når det gjeld avverking av industrivirke.

³ Kjelde: SSB


Talet på arbeidsplassar i Bygland



KJELDE:
TELEMARKSFORSKING/
REGIONALANALYSE.NO

Næringsstruktur i Bygland 2019 (målt etter sysselsette med arbeidsstad i Bygland)



- Jordbruk, skogbruk og fiske
- Bygge- og anleggsverksemd
- Transport og lagring
- Informasjon og kommunikasjon
- Teknisk tenesteyting, egedomsdrift
- Undervisning
- Personleg tenesteyting
- Industri
- Varehandel, reparasjon av motorvogner
- Overnattings- og serveringsverksemd
- Finansiering og forsikring
- Off.adm., forsvar, sosialforsikring
- Helse- og sosialtenester



KJELDE: AGDERTALL 2019

Pendlingsstrøm

Bygland har sidan 2005 hatt fleire som pendlar ut av kommunen, enn som pendlar inn. I 2019 var talet 251 mot 161.




KJELDE: SSB

Setesdal som økonomisk region

Ei regional analyse av 'beslektet mangfold' av næringslivet i Agder frå 2016 ([FoU-rapport nr. 2/2016](#)) syner at det er eit gjennomgåande trekk at dei spesialiserte næringane i regionane har få næringar som er 'i slekt', innan den enkelte region. Svake koplingar mellom spesialiserte næringar og andre næringar i regionane bidreg til at samarbeid på tvers av regionane blir viktig. I tillegg understrekar det viktigheita av å styrke klyngesamarbeid og bidra til nettverksbygging.

Grad av sysselsetting i Agder 2018



KJELDE: AGDERTALL 2019

Agder har lågare tal på sysselsette enn landet i det heile. Bygland har relativt mange som mottek ein grad av stønad. I aldersgruppa 18-67 år er det 31,7%.

Agder har ein lågare del kvinner i arbeidsstyrken enn landet i det heile. I tillegg kjem at ein svært høg del av dei sysselsette kvinnene i Agder arbeider deltid. Forskjellen mellom Agder og landsgjennomsnittet er over 10 %. Bygland kommune har arbeidd aktivt for ein heiltidskultur over fleire år. Det er få som ufrivillig har redusert stilling i kommunen.

Bygland kommune har ei viktig oppgave som tilretteleggar for langsiktig og føreseieleg næringsutvikling, og som bidragsytar til vidareutvikling og vekst i eksisterande næringar i kommunen. Utarbeiding av ein næringsplan vil bidra til å tydeleggjere kommunen sin mål, tiltak og planar for næringsutvikling.

6 Kommuneplanen

Kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel, er saman med økonomiplanen og årsbudsjettet kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Han legg langsiktige føringar for kommunen si verksemd og tydeleggjer kva rolle Bygland kommune skal ha i utviklinga av lokalsamfunnet, regionen og omverda.

Kommunestyret vedtok å starte arbeidet med revidering av kommuneplanen i 2018. Planprogrammet for revideringa vart vedteke i 2019 og kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke i 2020. Arbeidet med revidering av kommuneplanen sin arealdel er i gang, og han er forventa vedteke i 2021.

6.1 Erfaringar med gjeldande kommuneplan

Kommuneplanen for Bygland 2011–2022 vart vedteke 22.02.2011. Erfaringane er mellom anna:

- Manglande forankring hjå politikarane, administrasjonen og innbyggjarane
- Fleire av dei avsette utbyggingsområda er ikkje realiserte
- Mange dispensasjonssaker gjeld dispensasjon frå kommuneplanen

Det har vore ein auke i talet på dispensasjonssaker der det blir søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sine formål eller føresegner. Dei fleste sakene er knytt til formål LNF-område eller føresegn om byggegrense mot vatn og vassdrag. Ut i frå det kan ein anta at planverket ikkje er tilpassa innbyggjarane sine ønskje og behov og heller ikkje politikarane sin politikk.

I samanheng med revidering av kommuneplanen sin arealdel bør ein sjå på om det er behov for å oppheve eldre kommunale eller private reguleringsplanar (inkl. disposisjonsplanar). Nokre planar er mangelfulle eller ikkje i samsvar med dagens arealbruk. Det gjer det vanskeleg å nytte dei som styringsverktøy, noko som gjer saksbehandlinga vanskelegare og forlenger saksbehandlingstida.

Det er eit mål at kommuneplanen blir vurdert revidert kvart 4. år slik at den speglar dei politiske føringane og endringar i retningslinjer frå overordna myndigheiter.

6.2 Erfaringar med gjeldande kommunedelplan 'Strandsoneplanen'

Bakgrunnen for utarbeiding av Strandsoneplanen var å sjå på arealbruken i 100- metersbeltet rundt Byglandsfjorden. Planen har fungert bra i hovudsak, men det har synt seg at føresegnene knytt til omsynssoner er for rigide. Det er hensiktsmessig å implementere Strandsoneplanen i ny kommuneplan for å gjere planverket meir oversiktleg og ta ein gjennomgang av formål og føresegner.

7 Planbehov 2020-2024

Oversikta syner planar som skal behandlast politisk. Planane skal støtte opp under dei ambisjonane som ligg i planstrategien for perioden. Under nokre av planane vil det vere temaplanar for det enkelte tenesteområdet.

Det blir satsa på planar som tek i vare det heilskaplege og tverrfaglege perspektivet.

Når det er behov for å oppgradere gjeldande planar, blir omgrepa rullere eller revidere ein plan brukt. I hovudtrekk kan forskjellen på dette definerast slik:

- **Rullere** - planen blir oppdatert i forhold til dagens kunnskap og supplert innanfor gjeldande rammer
- **Revidere** - ein revisjon vil å sjå på heile/delar av planen, medrekna mål og prioriteringar

7.1. Planar/styringsdokument i perioden

Styringsdokument	Status		Behandling			
	Vedteke	Gjeld til	2021	2022	2023	2024
Overordna planar						
Kommuneplanen sin samfunnsdel	2020	2032				Rullere
Kommuneplanen sin arealdel	2021	2033	Revidere			Rullere
Handlingsprogram/Økonomiplan	2020	2021	Rullere	Rullere	Rullere	Rullere
Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag						
Strategisk informasjonsplan	2017	-		Revidere		
Digitaliseringsstrategi Setesdal	2019	2025				Revidere
Bustadsosial handlingsplan	2011	2020	Revidere			
Plan for habilitering og rehabilitering	2019	2020	Rullere	Rullere	Rullere	Rullere
Interkommunal ruspolitisk handlingsplan	2020	2023			Rullere	
Alkoholpolitiske retningslinjer i Setesdal	2020	2024				Rullere
Reguleringsplan for Ose bygdesenter	Start 2018	-	Ny			
Reguleringsplan for Byglandsfjord sentrum	1999	-	Revidere			
Reguleringsplan for Bygland sentrum	2008	-		Revidere		
Reguleringsplan for Grendi	-	-			Ny	
Verdiskaping og berekraft						
Klima og energiplan	2011	2022	Revidere			
Regional plan for vassforvaltning	2016	2021	Revidere			
Næringsplan inkl. landbruk	-	-	Ny			
Plan for berekraftig reisemåls- utvikling, opplevingar, attraksjons- utvikling og immateriell kulturarv	-	-	Ny			

Utdanning og kompetanse						
Personal- og organisasjonsplan	2016	2020	Revidere			
Kultur-, idrett og friluftsliv						
Temaplan for kulturminne	2020	2032		Revidere		
Plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og kulturanlegg	2020	2021	Revidere	Rullere	Rullere	Rullere
Sti og løypeplan	Start 2020	-	Ny			
Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik						
Plan for kommunale vegar og infrastruktur	-	-		Ny		
Plan for vatn, avlaup og overvatn	-	-	Ny			
Trafikksikringsplan	2005			Revidere		
Beredskapsdokument						
Plan for kriseleiing	2018		Revidere			

7.2. Planar som utgår

Styringsdokument	Vedteke	Kommentar
Strandsoneplanen	2016	Blir implementert i kommuneplanen for å gjere planverket meir oversiktleg og i tillegg ta ein gjennomgang av formål og føresegner.
Områdeplan for skogtakst	2007	Denne forma for skogtaksering er forelda og utarbeiding av ny plan krev finansiering. Det er i dag lagt opp til at skogeigarane kan følgje opp dette sjølv via eigna programvare for registrering.
Plan for busetjing og integrering	2015	Planen har vore nytta i liten grad. Det er få flyktningar i kommunen, og det er ikkje signal om at talet vil auke i styringsperioden.

Vedlegg: Andre viktige føringar for planarbeidet

Statlege føringar

- [2018 Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#)
- [2014 Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging](#)
- [2008 Statlige retningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging](#)
- [1995 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#)
- [1994 Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag](#)
- [Meld. St. 33 Nasjonal transportplan 2018–2029](#)
- [Meld. St. 18 Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet](#)

Regionale føringar

- [Regionplan Agder 2030](#)
- [Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei \(Heiplanen\)](#)
- [Regional plan for innovasjon og berekraftig verdiskaping Agder 2015-2030 \(VINN Agder\)](#)
- [Regional plan for likestilling, inkludering og mangfold på Agder 2015-2027 \(LIM-planen\)](#)
- [Regional plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet lokale og regionale kulturarenaer Aust-Agder 2018-2021 \("Aktive austegder II"\)](#)
- [Regional plan for vannforvaltning i vannregion Agder 2016 - 2021](#)
- [Regional transportplan Agder 2015-2027](#)
- [Fylkesvegplan 2017-2024](#)
- [Handlingsprogram for fylkesveger 2017-2024](#)
- [Klimaveikart Agder](#)
- [Klimaprofil Agder](#)
- [Strategi for kulturminner og kulturmiljøer i Aust-Agder 2014-2017](#)
- [Folkehelsestrategi for Agder 2018-2025](#)
- [Veikart for bedre levekår i Agder](#)
- [Strategi for trafiksikkerhet i Agder 2018-2029](#)
- [Landbruksstrategi for Agder 2019-2020](#)
- [Regional plan for senterstruktur og handel i Aust-Agder](#)

Grunnlagsmateriale

[Folkehelseoversikt 2020](#)

[Folkehelseprofil 2020](#)

[ROS Setesdal 2020](#)

[KS - Statistikk for Bygland](#)

[SSB - Kommunefakta](#)

[Agdertall 2019](#)

[Ung i Agder – Nøkkelrapport Bygland 2019](#)